

Trygdebustader ved Rosendalstunet ?

19.06.2014



Blir det omsorgsbustader ved KV nokon gong?

Kva vil skje i neste runde i saka om omsorgsbustader etterat den første handsaminga av saka vart avlyst og overlevert til kontrollutvalet? Høgre stilte dette spørsmålet i kommunestyret i dag. Svaret frå rådmannen var at kommunen no er inne i ei vurdering av om det kan byggjast slike bustadar i samband med satsinga på Rosendalstunet. Resultatet av denne vurderinga vil leggjast fram for formannskapet i august, meldte rådmannen.

Deloitte la no fram for kommunestyret resultatet av kontrollen revisjonsfirmaet har gjennomført av anbudsprosessen som Uskedalsfirmaet Kvinnherad Vekst og Rosendalsfirmaet Trygge Bustader deltok i. Det er opplyst at kontrollen har kosta 220 000 kroner pluss moms, men rådmannen kunne ikkje gje noko endeleg tal i kommunestyret i dag.

Firmaet konkluderte med at prosessen hadde hatt mange feil og manglar og ikkje var førebudd tilstrekkeleg. Avlysinga burde skjedd tidlegare og det var ikkje eit tilstrekkeleg grunnlag for å gjennomføra prosessen, heldt revisorane fram,

Kjell Yri (V) frå Uskedalen karakteriserte saka som trist men var glad for at rådmannen var samd i dei kritiske merknadane frå revisjonsfirmaet. Han meinte undersøkinga hadde vore naudsynt. Ordførar Synnøve Solbakken (Ap) karakteriserte rapporten som grundig.

Eskil Moen (Frp) frå Uskedalen meinte at revisjonsfirmaet

hadde slakta prosessen, men ordføreren tykte at tilbakemelding var eit meir passande uttrykk.

Rådmannen kjende seg imidlertid ikkje heilt att i dei kritiske merknadane og sa at det meste kommunen gjennomfører av slike prosessar går svært bra.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen